

Fagkyndig

Kven kan utarbeide reguleringsplan?

Private forslagsstillarar (utbyggarar osv.) kan fremme forslag til **detaljregulering**. Plan- og bygningsloven stiller krav om at reguleringsplaner skal utarbeidast av **fagkyndige**, jf. pbl §12-3, siste avsnitt.

Det stilles strenge krav for å bli vurdert som «*fagkyndig[e]*». Kravet er satt av omsyn til planens rettsverknad og råka parters rettssikkerheit. Kravet sikrar også nødvendig klarhet ved planens handsaming i offentlege organ og ved den lovpålagte medverknad- og høyringsprosess.

Med **fagkyndighet** meinast at ein planleggar må ha tilstrekkeleg kunnskap om:

- **Plansystemet**
Kva plantype som er eigna til eit føremål - planen som del av kommunens forvaltningssystem og dens forhold til andre planer
- **Planprosessane**
Korleis planen skal handsamast for å få rettsverknad
- **Plankart**
Plankartet, som er juridisk bindande, skal vise det ein ynskjer å oppnå med planen
- **Føresegn**
Juridisk bindande tekstformuleringar som supplerer plankartet
- **Planskildring**
Utforming av skildring (evt. illustr.) av planen: føremål, utgreiingar, vurderingar, konsekvensar, løysningar, m.a.
- **Planleggingsverktøy**
Metodeanvendning ved utarbeiding av reguleringsplan (i.e. ved skildring/ registrering, analyser m.a.)
- **Nasjonale retningslinjer**
Rikspolitiske rettleiingar og føresegn, stortingsmeldingar, etc.
- **Planutforming**
Korleis plankart skal lagast for å sikre gode (optimale) løysningar med krav til: funksjonalitet, estetikk, tekniske løysningar, økonomi, miljø, bærekraft m.a.
- **Digitale verktøy og metodar**
Det krevjast kjennskap til kravspesifikasjon for utveksling av data for digitale planer

Den fagkyndige skal ved hjelp av dei nemnde kunnskapar (og kunnskapar om andre relevante forhold), og faglige ferdigheter (teikning/utforming, tekstformulering, tekniske berekningar og analyser, forhandling med interessehavarar etc.) kunne framstille ein plan med tilhørande føresegn og planskildring, som sikrar kvalitet i føreslåtte løysningar - og som ivaretek involverte parters rettssikkerhet og gir medverkande styresmakter eit effektivt grunnlag for handsaming av planforslaget.

Evna til å kunne levere eit formelt sett feilfritt forslag til reguleringsplan er minste forventning kommunen har til ein arealplanleggar. Det betyr at kartgrunnlaget og føresegnene er i orden i tillegg til at vurderingar av konsekvensar og planløysingar kan godkjennast av ansvarlig styresmakt. Det er også viktig at planføretakets konsulent har ferdigheter som gir ein god leiing av plansaken gjennom prosessen, for å unngå meirarbeid for alle parter, slik at

tida brukast effektivt og slik at sluttproduktet kan godkjennast. Ved at arealplanleggaren er tiltakshavars rådgjevar i høve, avgrensingar, risiko, m.m. – vil en kunne unngå krevjande og ofte unautsynte lange motsegnprosessar. Dette krev etikk og profesjonalitet.

Den som ikkje har naudsynte kunnskapar, ferdigheter og erfaring, kan ikkje godkjennast som fagkyndig og kan dermed ikkje fremme reguleringsplaner.

Vedteke 19.04.2018
Saknr: 046/18
Arkivsak: 18/352